



---

## Notat -møtereferrat

---

Stad:	Rådhuset i Meland, formannskapssalen	
Tid:	28.09.2017 kl 13:30 – 14:30	
Til stades:	Astrid Aarhus Byrknes	Ordførar Lindås kommune
	Nils Marton Aadland	Varaordførar Meland kommune
	Hogne Haugsdal	Assisterande rådmann Lindås kommune
	Martin W. Kulild	Rådmann Meland kommune
	Karl Johannes Romarheim	Brannsjef, Lindås og Meland Brann og Redning
	Arne Eikefet	Prosjektleiar infrastruktur og samferdsel Lindås
	Frøydis Ones	Plan- og utviklingssjef Lindås kommune
	Kristin Nåmdal	Samfunnsplanleggjar Meland kommune
	Alexander Helle	Planleggjar/arkitekt Meland kommune
	Anny Bastesen	Sektorsjef teknisk Meland kommune
Forfall:	Øyvind Oddekalv	Ordførar Meland kommune
	Ørjan Raknes Forthun	Rådmann Lindås kommune
Saksbehandlar:	Tenestemråde Plan, utbygging og kommunalteknikk/Anny Bastesen	
Vår referanse:	17/2970 - 3 / FA - Q21	
Dato:	11.12.2017	

---

## Emne: Referat frå møte mellom Meland og Lindås kommunar

### Gang- og sykkeltilhøve/beredskapssituasjon Hagelsundbrua

Planadministrasjonane orienterte om bakgrunnen for møtet. Det er stor aktivitet og mange planar / prosjekt i gang på strekning Frekhaug – Flatøy – Knarvik – Alversund, med regionsenteret i Knarvik som «nav». Mobiliteten i området er stor, men Hagelsundbrua er ein flaskehals for gåande/ syklande og utrykningskøyretøy. Plan- og prosjektadministrasjonane har vore i kontakt med Statens vegvesen for å undersøkje om det er teknisk mogeleg å utbetre tilhøva på Hagelsundbrua. Tilbakemeldingane frå bruseksjonen hjå Statens vegvesen er at det er mogeleg å finne løysingar, men det krevst nærare vurdering av alternativ og eit eige forprosjekt for å detaljere løysinga ein kjem fram til.

Statens vegvesen er interessert i å delta i prosjektet med kompetanse og prosjektleiing, men er avhengig av at kommunane finansierer forprosjektet. Dernest må sjølve gjennomføringa finansierast. Politisk leiing i dei to kommunane er samde om at dette er eit bra initiativ og eit prosjekt som det må arbeidast vidare med. Det er viktig å arbeide saman med Statens vegvesen for å få prioritert tiltaket. Det gjeld både med omsyn til målet om redusert personbiltransport i eit klimaperspektiv, og å sikre

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

beredskapssituasjon ved utrykning. Ved stor trafikk er det til dels umogeleg for utrykningskøyretøy å passere brua. Hagelsundbrua er ein del av E39 og såleis ei nasjonal hovudfartsåre. Det er aktuelt å kontakte Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å løfte opp saka, som særleg har verdi for kommunesamanslåinga og regional utvikling.

Administrativ leiing vil undersøke moglege tilskotsordningar frå stat og fylke til forprosjektet, t.d. skjønsmidlar, innsatsmidlar til gang- og sykkelveg, midlar til samfunnsutvikling knytt til regionsentra m.v. Kommunane må rekne med å stille med eigeninnsats, gjennom arbeid og planmidlar.

### **Vidare arbeid i fellesskap**

Politisk nivå brukar ulike politiske kanalar inn i departement og statlege organ for å løfte fram saka og skape interesse, både med tanke på effektar av kommunesamanslåing og synleggjere nasjonalt ansvar for hovudfartsåra som Hagelsundbrua er ein del av. Administrativt nivå arbeider vidare med å fremje søknader om tilskot til forprosjektet, fram mot årsskiftet. Vidare møteverksemd vert klarlagt etter kvart som finansieringa kjem på plass.

Meland 11.12.2017

Anny Bastesen  
ref